

RELV101 Kva er religionsvitskap

Emnerapport, vårsemesteret 2018

Praktisk gjennomføring

Undervisinga bestod av ein innføringsførelesing (saman med RELV105) og 13 førelesingar og i tillegg obligatoriske seminar kvar veke med studentane inndelt i fire seminargrupper. Universitetslektor Jane Skjoldi var seminarleiar og prof. Håkan Rydving førelesar.

Strykprosent, fråfall og karakterfordeling

I 2017 var det 65 studentar som tok eksamen i RELV101. I år var det ei stor auiking: heile 92 studentar tok eksamen. Av dessa fekk alle godkjent resultat. Fordelinga av karakterar blei 11 A, 39 B, 30 C, 8 D, 4 E og 0 F, eit veldig godt resultat. Etter sensuren fekk alle studentar individuelle kommentarar til tekstene sine og motivering av karakteren gjennom grunngjevingsfunksjonen i Inspera.

Kommentar til studentevaluering

Ved den siste førelesinga svarte dei 41 nærverande studentane på ei evaluering. Resultata blei stelt saman og lagt ut på Mitt UiB. Her er nokre døme:

33 av studentane som tok del i evalueringa meinte at kurset var interessant eller mykje interessant, 39 at vanskegrada var grei. 39 var nøgde eller mykje nøgde med gruppeundervisinga, alle 41 var nøgde eller mykje nøgde med utbyttet av forelesingane. 31 svarte at det er bra at gruppeundervisinga er obligatorisk og 39 at det er bra med obligatorisk innlevering av ei øvingsoppgåve. Dei gav ros og ris åt dei einskilde kursbøkene og den informasjonen vil bli brukt neste år. Om studentane sjølve hadde fått velje eksamensform hadde 25 valt ein sju dagars heimeeksamen (som i vår).

Studentane sine kommentarar til kurset var i hovudsak positive, men nokre av dei kom med gode framlegg om korleis kurset kan bli betre. Dei blir viktige å ta omsyn til i planeringa av kurset innfor våren 2019. Av dei som deltok i evalueringa skreiv 18 at dei planerer å fortsette å studere religionsvitskap og 7 at dei kanskje gjer det.

Studieinformasjon og dokumentasjon

Informasjon om kurset har vore tilgjengeleg på Mitt UiB og blei gjeve ved studieorienteringa i religionsvitskap for studentar på 100-nivå. Meir spesifikk studieinformasjon fekk studentane i byrjinga av den første førelesinga og kontinuerleg under kurset. Ved kursevalueringa svarte alle som deltok at dei fått «tilstrekkeleg informasjon om studieplan, pensum, undervising, eksamen, osb.»

Tilgang til relevant litteratur

Litteraturen fanst tilgjengeleg i bokhandel og på universitetsbibliotek i byrjinga av semesteret.

Faglærers vurdering av rammevilkåra

Alt fungerte godt.

Lokalar og undervisningsutstyr

Førelingslokalen (aud. B i Sydneshaugen skule) er mykje formålstenleg.

Internasjonalisering

Litteraturen er i hovudsak på engelsk og tematikken global. Religionsvitskap omfattar alle tider og rom. Internasjonalisering er derfor ein viktig del av identiteten til faget. Det gjeld naturlegvis introduksjonskurset RELV101 òg.

Samla vurdering til faglærer, inkl. forslag til forbetringstiltak

I hovudsak fungerte kurset godt, men ein del av pensum blei oppfatta som altfor vanskeleg for 100-nivå av fleire av studentane som deltok i evalueringa. Det er eit av fleire døme på framlegg til endringar som eg vil ta omsyn til når et planerer kurset for 2019. Pensum og førelingar vil bli forbetra, pensum gjennom å prøve ein del ny litteratur som er betre tilpassa til studentar på 100-nivå, førelingane gjennom å prøve å gjere dei enda meir interessevekkjande og inspirerande.

Bergen, den 12. juli 2018,

Håkan Rydving
(emneansvarleg)

RELV102 Kristendomen, jødedom og islam

Emnerapport, haustsemesteret 2018

Praktisk gjennomføring

Undervisinga bestod av 25 forelesingar, fire samanliknande og sju om kvar og ein av dei tre religionane jødedom, kristendom og islam, og i tillegg ti seminar. Inga undervisning var obligatorisk. Master i religionsvitskap Helle Braae var seminarleiar, doktor i religionsvitskap Hans Geir Aasmundsen og prof. Håkan Rydving var forelesarar.

Strykprosent, fråfall og karakterfordeling

135 studentar hadde meldt seg opp til kurset. Mellom 50 og 80 studentar deltok i forelesingane og 106 møtte til eksamen. Av dei fekk 91 godkjent resultat. Fordelinga av karakterar blei sju A, 20 B, 33 C, 17 D, 14 E og 15 F. Gjennomsnittskarakteren blei C.

Kommentar til studentevaluering

Etter eksamen sende eg ut ei evaluering til studentane gjennom skjemaker.app.uib.no. Berre 22 studentar har til dags dato (14.2.2019) svara på undersøkinga og derfor er resultatet langtfrå representativt. Men eg er takksam for ris og ros om gruppeundervisning, forelesingar og litteratur, og dessutan for fleire gode framlegg om korleis kurset kan bli betre. Dei blir viktige å ta omsyn til i planeringa av kurset innfor hausten 2019.

Studieinformasjon og dokumentasjon

Informasjon om kurset har vore tilgjengeleg på Mitt UiB og blei gjeve i byrjinga av den første forelesinga og kontinuerleg under kurset.

Tilgang til relevant litteratur

Litteraturen bestod av fire monografiar, ei bok om kvar og ein av dei tre religionane og ei samanliknande bok, og i tillegg tre hefte med originaltekster i omsetjing frå dei tre religionane. Bøkene fanst tilgjengelege i bokhandel og på universitetsbibliotek og hefta med religiøse tekster på Mitt UiB i byrjinga av semesteret.

I tillegg til litteraturen la eg ut ei liste med døme på romanar og novellesamlingar ein kunne lese i tillegg om ein fekk tid og hadde lyst.

Faglærers vurdering av rammevilkåra

Alt fungerte godt.

Lokalar og undervisningsutstyr

Alt fungerte godt.

Internasjonalisering

Litteraturen er i hovudsak på engelsk og tematikken global. Empiriske døme blei henta frå alle delar av verda. Religionsvitskap omfattar alle tider og rom.

Internasjonalisering er derfor ein viktig del av identiteten til faget. Det gjeld i høg grad RELV102.

Samla vurdering til faglærar, inkl. forslag til forbetringstiltak

I hovudsak fungerte kurset godt, men dei som har svara på evalueringa har kome med fleire framlegg til endringar som eg vil ta omsyn til når eg planerer kurset for hausten 2019.

Bergen, den 14. februar 2019,

Håkan Rydving
(vikarierende emneansvarleg)